



Gol kommune

NVE

Dykkar ref

Vår ref
2025/548-3

Dato
07/04/2025

Svar på høring av detaljplan for miljø og landskap - Hemsil 3 kraftverk og ombygging av Eikredammen

Gol kommune syner til høyring av detaljplan for miljø og landskap – Hemsil 3 Kraftverk og ombygging av Eikredammen, motteke 11.03.2025.

Gol kommune har desse merknadane til NVE:

- Det bør verte funne alternative løysingar for kryssing av Hemsil nedstrøms Eikredammen slik at friluftslivsinteressene i området vert ivareteke. På vestsida av Hemsil går det ein merka og skilta turveg, og på austsida av Eikredammen ligg det eit stort hyttefelt. Dagens kryssingsmogelegheit over eksisterande dam sikrar mange mennesker ei trygg og kort tilgang til friluftsområder.
- NVE bes å vurdere innføring av fisketrapp slik at fisk kan passere ny dam Eikredammen
- Kongevegen ved Hatten må verte skåna for inngrep. I detaljplanen er det vist at eit område for toppmasser og undergrunnsmasser for tipp Berget kan påverke Kongevegen.
- Bør fleire naboer som vil få tippane synlege frå eigen bustad verte informert?, gjerne i form av fleire visualiseringar.

- Turstien rundt Vindfallet vert råka og stengt. Finns det alternative her? 4 år stenging er lenge. Regulanten bør sjå på omleggingsmogelegheiter av turstigen.
- Tipp Domholt bør verte redusert så mykje som mogeleg av omsyn til nærliggande bustadfelt, nytt og eksisterande .
- Der naturmangfald er mangelfullt utgreidd bør det verte kartlagt.

Vennligst oppgi vår referanse ved svar på dette brevet.

Med helsing

Jørn Magne Forland

miljøvernrådsgjevar

Elektronisk utan signatur